

## TEATER



Måten den 140 år gamle Logen er utnyttet på, fortener eit stort pluss, skriv Jan H. Landro. Foto: Dag Jenssen

## Geniet og det middelmåtige

Det Vestnorske Teateret har sett opp ei langdryg framsyning med gode skodespelarprestasjonar.

## DET VESTNORSKE TEATERET

PETER SHAFFER:

## Amadeus

OMSETT AV MARI HESJEDAL  
REGI: HANS HENRIKSEN  
SCENOGRAFI, VIDEO- OG LYSDESIGN: EDWARD LLOYD PIERCE  
KOSTYME: CAMILLA BJØRNVD  
KOMPONIST, LYDDESIGNAR OG MUSIKAR: KLAUS RISAGER

Som ny sjef på Det Vestnorske Teateret ønskte nok Thomas Bye å slå på stortromma. Men kanskje skulle han ha funne seg ei mindre tromme, for denne versjonen av Peter Shaffers *Amadeus* blei alt for lang og mister slik både saft og kraft. Men måten han utnytter det vakre lokalet i 140 år gamle Logen på, fortener eit stort pluss. Med denne framsyninga blir rommet opna på heilt nytt vis – til glede for både publikum og aktørar, vil eg tru.

Framsyninga byr på fleire fine skodespelarprestasjonar, men for ofte blir det monologisk fortelje-teater i staden for skodespel. Og då kjennest tre og ein halv time for langt. Altfor langt. Når heile historia dessutan er ramma inn av to svært lange monologar, blir det vanskeleg å få opp temperatur og intensiteten.

For dei som har sett Milos Formans fabelaktige film frå 1984, blir det ikkje noko godt gjensyn. Det får ikkje hjelpe at Hans Henriksens versjon ligg nærare Shaffers opphavlege skodespel enn filmen gjer. Kanskje hadde ei tilnærming til Shaffers filmanus vore løysinga.

Historia om konflikten mellom det unge geniet Wolfgang Amadeus Mozart og hoffkomponist Antonio Salieri er velkjend, men noko mytiske. Den russiske poeten Pusjkin skreiv eit dramatisk dikt om striden, som Rimskij-Korsakov nytta som libretto for ein opera, og trekvart hundreår seinare følgde altså Shaffer opp.

Mykje står på spel i stykket.

## JAN H. LANDRO

Jan H. Landro er forfattar, journalist og fast teatermeldar i Dag og Tid.

## KUNST

EVA FURSETH, kunsthistorikar. eva.furseth@gmail.com

## Sommaren på Kapp

Den staselege embetsgarden frå 1700-talet er mest kjend for dei mange og godt bevarte veggmaleria av Peder Balke. I tillegg vert det vist nye utstillingar kvar sommar, i år med keramikarane Nina Malterud og Torbjørn Kvasbø.

## UTSTILLING

PEDER BALKE-SENTERET  
PÅ KAPP

## Nina Malterud og Torbjørn Kvasbø

13. MAI–24. SEPTEMBER

Det var ein nydeleg sommandag eg gjekk den lange grusvegen opp mot garden Billerud, det som i dag er Peder Balke-senteret. Veggen skar gjennom eit stort jorde med gylne kornaks, nedanfor låg Mjøsa, stille og blå.

Når vi nærmar oss, kjem vi til den digre jarnskulpturen «Allium» (2014) av Sverre Wyller, som dannar ein portal over veggen. Den struttande, vitale laukforma er med på å setje stemninga: På Peder Balke-senteret møtest det gamle og det nye med den største sjølvfølgja. Heile gardstunet yrer av liv. I løa er det verkstadar for kunstnarar, i kafeen og gavebutikken myldrar det av kundar, endåtil den elegante vesle rosehagen er velholden.

Om du tenker at veggane har eit kulissepreg, er det nok ikkje tilfeldig. Veggmaleria var ei gave til frua i huset, og rommet vart flittig brukt til private oppsetjingar av teaterstykkje. Embetsmannen var sjølv ein ivrig amatørskodespelar.

Her er underleg å tenke på at berre nokre få dagar etter det solfylte besøket på Kapp, kom ekstremværet Hans, og himmelen opna seg og brasa over heile Sør-Noreg. Til alt hell berga Peder Balke-senteret seg bra.

Sør-Noreg. Til alt hell berga Peder Balke-senteret seg bra.

## FESTSALEN

Sjølv hovudattraksjonen finn vi i det bleikfiolette hovudhuset frå 1767: den rikt dekorerte festsalen i andre etasje. Storslegne landskap faldar seg utover veggflatene i gyllenbrune tonar, endåtil opningane over dørene er pryda med bilde. Det er noko helt eige over måleria til Peder Balke (1804–1887), korleis han har pensla fram nordnorsk natur i all sin dramatik i nokre av scenene.

Her er dramatiske kystscener, med forvridd knausar og brusande fossar mot ein himmel fylt med lunefulne skyformasjonar. Her er også skildringar av det vennlege og slake terrenget på Toten. Måleria er i stil og tema karakteristiske for romantikken, som var den rådande stilretninga på denne tida.

Om du tenker at veggane har eit kulissepreg, er det nok ikkje tilfeldig. Veggmaleria var ei gave til frua i huset, og rommet vart flittig brukt til private oppsetjingar av teaterstykkje. Embetsmannen var sjølv ein ivrig amatørskodespelar.

## FATTIGGUTEN

Det var slett ikkje gitt at det skulle verte kunstnar av Peder Balke. Balke begynte som sjølv-lært bygdemålar. I samband med eit lengre opphald på Toten i 1820-åra, merka bøndene seg det særlegne talentet til ung-guten og samla inn pengar til utdanning i Christiania. Det vart starten på ei læretid som med åra også skulle omfatte akademiet i Stockholm og seinare Dresden.

Balke gløyndede aldri hjelpa han hadde fått, og kom fleire gongar attende til Toten for å måle veggmaleri på gardar her. Fleire av dekorasjonane er bevarte, men den prektigaste av alle er salen på Billerud. Her ser vi fleire stader korleis han eksperimenterte med å skildre fjellformasjonar og bolgeskum med hjelp av ekspressive, heftige strøk.

Med åra utviklar han ein særlegne teknikk der stemningsfulle landskap vert forma med hjelp av svamp og spatel. Dette gir verka abstrakte kvalitetar, som vert balanserte av ørsmå figurative innslag; små menneske, hus og skip. Desse lette, flytande naturstemningane skil seg sterkt ut i samtida.

Balke var på mange måtar ein framand fugl. Mange som meinte å ha greie på det, såg med skepsis på måleria hans. Han vart faktisk gløynd alle-reie for han døydd i 1887, 83 år gamal. Det skulle ta fleire tiår før han vart anerkjend. I dag er

«Alt kan fortelles og formidles gjennom erfaring og kunnskap i materialene og teknikkene: ved å kunne legge til og trekke ifra og si stopp på rett sted.»


Torbjørn Kvasbø i Aftenpostens K-magasinet i 2012



Den største av installasjonane til Torbjørn Kvasbø er plassert på det gamle kjøkkenet i første etasje. Foto: Annette Hveem Narum



I romma ved sida av festsalen heng dei elegante fata til Nina Malterud. Begge foto: Annette Hveem Narum



han rekna som ein av våre fremste landskapsmålalarar.

## TAKTSKIFTE

Lenge var Billerud eit maktsenter for dei få og utvalde, med ein luksus som var få forunn. Ingen tre veks inn i himmelen, i 1902 vart garden omgjord til fattigheim for Østre Toten kommune. Til alt

hell vart hovudbyggingen freda i 1923, og dei unike måleria tekne vare på, samstundes som huset heldt fram med å vere fattigheim, seinare pleieheim og aldersheim.

I 1986 fekk garden endå ein gong ei ny rolle, no som kunst- og kultursenter. Medan festsalen er nyoppussa, er mange av romma sterkt prega av lang tids bruk.

Desse røffe areala fungerer særst godt for syning av samtidskunst. Kvart år plukkar ein jury ut kunstnarar til sommarutstillinga. I år vert det vist to keramikarar, Torbjørn Kvasbø og Nina Malterud.

## TORBJØRN KVASBØ

I første etasje ruvar dei digre installasjonane til Torbjørn Kvasbø (f. 1953). Underlege slangeformer snor og buktar seg oppover, med imponerande storleikar trassar dei tyngdekrafta, på randa av kollaps.

Samstundes som formene har noko organisk over seg, minner dei om industrielle former, rør eller takrenner. Installasjonane fungerer særst godt mot den slitne målinga på veggane, dei røffe

omgjevningane med tydelege spor etter dei som har budd her.

Formene krev at vi beveger oss rundt dei, kikker oppi, bøyer oss ned og ser nedanfrå. Dotter mi var heilt oppslukt av desse kraftfulle formene. Ut frå hennar referansebakgrunn assosierte ho dei med noko som kunne høyre heime i ei postapokalyptisk steampunk-framtid med zombiar. Det er alltid ein god ting å vere fleire når ein besøker utstillingar, og ein kan la assosiasjonane flyte fritt.

## NINA MALTERUD

Nina Malterud (f. 1951) stiller ut i andre etasje. Etter møtet med dei hoglydte formene til Kvasbø må vi stoppe litt opp og setje kroppen i

lågare gir før vi gir oss i kast med Malterud. Verka hennar er små og delikate, sanslege og vare. Motiva har måleriske kvalitetar. I fleire av verka skimtar vi lag på lag med ulike glasurar som er påførte mellom kvar brenning i ein omni med temperatur opp til 1000 grader.

Verka til Malterud appellerer til ei vandring på dei lysare og lettare delane av tankepaletten. Det er godt med slike pusterom, der ein kan gleder seg over gode former utan tanke på noko bakanforliggjande innhald.

## EI UNIK OPPLEVING

Peder Balke-senteret er dyktige til å formidle den rike og mangfaldige historia til staden, så vel som til

kunstnaren Peder Balke. I tillegg vert det kvar sommar sprøyta inn ny energi gjennom nye utstillingar. Alt i alt tilbyr senteret ei unik oppleving.

Framleis står ein enorm restaureringsjobb att, mange av romma skrik etter omsorg. Det er sett i gang eit stort samarbeidsprosjekt med mellom anna Norsk institutt for kulturminneforskning for å finne fram til dei originale fargane og måle opp att heile huset innvendig. Dette er eit langsiktig prosjekt. Såleis kan ein kome attende år for år, ikkje berre for å sjå dei nye utstillingane, men også for å følgje med på restaureringa.

EVA FURSETH



Peder Balke-senteret. Foto: Hans Haug



Festsalen er kleidd med måleria til Peder Balke. Smijarnsommen er utforma som ei vestalinne, ei av dei romerske prestinnene som passa på den heilage elden på Forum Romanum. Dersom elden slokna, ville Roma gå under. Foto: Jan Tore Øverstad / Locomotiv



Måleriet «Alta-Talviko» dekkjer heile endeveggen. Foto: Arild Kristiansen